NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Guri Lomundal 1. S. Tr.
Vinje

Emne nr. 10. Löngsanking og moassaaforing.

Löng har delvis vore sanka i gamle dagar i Vemma heilt til for 50-60 aar sia. Ja i rikleg seine vaara med stor formangel er det nok i bruk ~~ber~~ og der enno. Men det har eller det eg har spurt, alder vore bruka anna end som nödfor om vaaren. Det er helst Rösslöng. Ein vanleg kornsigd har vore bruka til löngsjering. Somme gonger kunde ein bruke Ljoa (Langorv) Slåttorv har eg alder haurt om her i bygden. Löngen laut helst sankast i sekk, som vart baaren heim. Var marklende til det, kunde det hende dem kjaur. Mannfolk var sjelden med i slikt arbei.
Löngen var helst bruka aat kû og geit. Somme hakka det saman med halm eller höy. Men enda er det nok halde for bere nöss-for. Kor mykji kröttera kunde foa: Ja det kom an paa kva ein ha raad til. Men ska kû og geit eta löng, lyt ein „svelt det ti dem.“ Ein lyt gjev dem lite anna for. Dem kan eta det ein gong eller to. Men sia moa det „smalhans“ til for at det ska goa ned. Dette har eg sjöl pröva. Soa eg kenöng ikkje spör. At folk bruka löng no i krigsaare er nok ikkje umule, serleg paa Smaabruk utme sjöen. Men jamt over er nok heldigvis slik föring avlakt. At löng vart sanka om sommaren som vinterfor har eg alder haurt. Det ligg nok langt attende, om soa er. Som beite har det nok vore bruka og er det kansje dagen idag

2914
2914
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
2914

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

poa smoabruk yttest utme sjöen. Eg har sett sauen gva poa slikt beite. Og det er tenkjeleg at det i gamle dagar var bruka for Kua og. Men eg trur nok at det er yttest for som finne det lönsamt no. Inne i sjölve bygda i Vaamme er det mindre löngmark og mer grosmark, med bedre beiteforhold.

Om Maassoa sanking veit eg bere det eg har hoert fraa andre byder: Ringebu, Opdal og fleire. I Vaamma finds det svert lite av den fine saftige Reinsmoassoa. Soa her har det alder vorre raad til ei slik foring.

N=9 Lauvtaking har vorre ein gamel moate oa fore poa. Lauve ska helst takast i Vaabolka og i godt ver. Men det gaar og an om hausten för det bli gult eller vil losstoa. Ein sigd bli helst bruka. Men kansje og ein skarp kniv. Naar manfolka löyft never og bork laa björka og hogg ho ned, var kvinfolka med og skar laa lauve og bar det samen i dunger. Verja lauv har eg alder hoert om. Men beste lauve faar ein laa smoabjörk: Naar ein topp-högg smoabjörka soa veks ho seg i vidda oa bli tubba og fin. Andre aare kan ein tak siderne. Men soa maa ho stoa i ro eit par aar. Da först bli det god lauvskog. Slik björk bli alder stor. Arbeie kallast oa sjera lauv eller gva poa lauvskogen. Eit vakse kvinfolk ska grei oa tak hundra kjerv om dag. Men da lyt det vara god lauvskog og ein skarp sigd. Elles bli arbeie for seint og for tungt.

~~2913~~

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2914

Emne No 10 2.

Olderlaauv gaar og an som for. Men det er daarlegar. Og soa lyst ein da brük bindil av björk, ska det heng i hop. Rognlaauv er rekna for det beste men er mer sjeldan. Ein kan heng laauvkjerva paa stubbkvisten til törk. Og ein kan kjör det heim noar det er tört. Men det kan og törkast i hus der det er luftikt. Aa rapa laauv hae nok vorre brüka för. Heile arbeidsreidskapen er da ein sekk aa sanka laauve i og soa ein gamel vott paa högre handa. Laauve bli da törka paa eit laavgolv eller lemm og blanda med hakkels eller höy. Born og kvinnfolk jikk gjernoll med slikt arbei: Rapa laauv. De er smaafea som helst bli fora med laauv. Og det er halde for godt for. Men kua et nok laauve ho og. I gamle dagar noar det kunde vera 20-30 smaafe og mer paa di störste gardan, laut dei ha eit eller to tusen laauv-kjerv paa vinteren. Eit serskjilt rom, laauvhuse eller laauvsvala fantest i di gamle laavebygg. Al slik lauvskog vart indgjirt. Har og alder hauetom. For ein 30-40 aar sia var slik lauvtaking vanleg over alt i Hemna. Og enno er det nok ikkje gaat av brük. Men samen med markaslaatten hell det no paa aa kom bort mer og mer. Ein av orsakarne er, for lite arbeidshjelp. Men störste aarsaken er, at heimejorda paa smaa og store brük, er vorte soa paa forbedra og utvida her i Hemna og di siste 50 aar, at jordbrüke jamt over kan fö större büskapar enn før, uten slik attaatforing.

~~2913~~ NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 2914

22 feb. 49 Guri Sommundal